



Lindås Tomteselskap AS
Hagellia 4
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/6420 - 21/49654

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:

09.07.2021

Melding om forsøpling - gbnr. 188/626 Gjervik ytre

Tiltak: Opprydding eigen grunn
Stad: Gbnr 188/626 Gjervik ytre
Tiltakshaver: Lindås Tomteselskap AS

Alver kommune har den 16.04.2021 motteke ei bekymringsmelding med informasjon om at det ved ballbana i Oterdalen ligg ein avfallsfylling for hageavfall som veks i omfang for kvar dag som går.

I følgje eigedomsregisteret er det Lindås Tomteselskap AS som står som eigar av gbnr. 188/626 Gjervik ytre, og dette brevet blir difor sendt til dykk.

Ved synfaring i området den 01.07.2021 blei det observert at hageavfallet ligg der fortsatt. I tillegg vart det observert restar etter brent grillkol like ved haugen med trevirke, sjå vedlagte bilete dokumentasjon.

Tilhøvet representerer eit alvorleg problem med tanke på forsøpling. Vidare verker oppbevaringa av avfallet skjemmaende. Alver kommune kan forby oppbevaring av gjenstandar *«(når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjemmaende eller være til vesentlig ulempe)»*, jf. plan-og bygningslova § 28-5.

Det er vidare etter forureiningslova § 28 første ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan *«virke skjemmaende eller være til fare eller ulempe for miljøet»*.

Opprydding av skjemmaende avfall påligger den som har overtrådt forbodet i forureiningslova § 28 første ledd, jf. forureiningslova § 28 tredje ledd, der det heiter at *«(D)en som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding»*.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen.

Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forsøplinga og effekten av iverksatte tiltak.

Frist for tilbakemelding vert sett til **20.08.2021**.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Aktuelt regelverk:

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48.
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27.
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **saksnr: 21/6420**

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Madeleine Fonnes Aase
Fungerande avdelingsleiar

Astrid Riise
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bilete dokumentasjon - gbnr 188/626

20210701_095059[1]

20210701_095129[1]

20210701_095153[1]

Mottakarar:

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ